



DET KONGELEGE KOMMUNAL-
OG MODERNISERINGSDEPARTEMENT

Sogn og Fjordane fylkeskommune
Fylkeshuset, Askedalen 2
6863 LEIKANGER

Dykkar ref

Vår ref

Dato

14/3665-121

13.10.2015

Svar på søknad om kompensasjon etter skadar på fylkesvegnettet

Vi viser til dykkar brev av 7. april 2015 med søknad om kompensasjon etter skadane på fylkesvegnettet i Sogn og Fjordane etter flaumen i oktober 2014. Departementet har no behandla søknaden og vedteke å kompensere halvparten av dei ekstraordinære utgiftene til fylkeskommunen.

Departementet kan gje skjønsmidlar som ein delvis kompensasjon for fylkeskommunale utgifter knytte til handtering av den akutte krisesituasjonen og til reparasjon av fylkeskommunal infrastruktur ved naturskadar og andre ekstraordinære hendingar. Departementet tek utgangspunkt i at fylkeskommunane sjølve har eit ansvar for å handtere uventa utgifter. Fylkeskommunane må difor ta høgde for det i plan- og budsjettprosessane. Men utgiftene etter flaumen i oktober 2014 er så store at departementet vil dekkje halvparten av dei ekstraordinære utgiftene.

Ifølgje Statens vegvesens kvalitetssikring er dei estimerte kostnadene etter flaumen 47,9 mill. kroner inklusive meirverdiavgift, eller 38,32 mill. kroner ekskl. mva. Departementet tek utgangspunkt i beløpet ekskl. mva., sidan fylkeskommunen får kompensert for denne i eiga ordning.

Departementet har vidare trekt 2 mill. kroner frå utrekningsgrunnlaget, sidan kompensasjonen etter brannen i Skatestraumstunnelen (dykkar ref. 15/5890-4) tok utgangspunkt i eit for høgt kostnadsoverslag. Eit av vilkåra for å få skjønsmidlar er at utgiftene ikkje blir dekte av andre

Postadresse
Postboks 8112 Dep
NO-0032 Oslo
postmottak@kmd.dep.no

Kontoradresse
Akersg. 59
<http://www.kmd.dep.no/>

Telefon*
22 24 90 90
Org no.
972 417 858

Kommunalavdelinga

Sakshandsamar
Lars Tore Rydland
22246880

statlege etatar. I e-post av 10. september gjorde fylkeskommunen oss merksame på at byggherrekostnader på 2 mill. blir dekte av staten gjennom sams vegadministrasjon. Departementet korrigerer for dette i no, og justerer ned utrekningsgrunnlaget til 36,36 mill. kroner.

Departementet vil i dette tilfellet kompensere halvparten av desse kostnadene, dvs. 18 160 000 kroner. Pengane vil bli utbetalt i november.

Følgjande vilkår gjeld for tildelinga:

- Utgiftene som blir dekte skal vere ekstraordinære fylkeskommunale utgifter, og ikkje utgifter til normalt vedlikehald.
- Utgiftene som blir dekte skal ikkje bli dekte på annan måte, gjennom forsikringar eller andre statlege etatar.
- For investeringar skal ein leggje til grunn ei tilbakeføring til opphavleg nivå, og ikkje ei standardheving.
- Utgifter til førebyggjande tiltak skal ikkje takast med i berekningsgrunnlaget for kompensasjon.

Sidan skjønsmidlane blir betalt ut på grunnlag av eit kostnadsoverslag, må fylkeskommunen seinare kunne dokumentere at midlane er brukte i tråd med kriteria for tildeling. Fristen for rapportering til departementet er desember 2016. Fylkeskommunen kan sende ein utvida søknad viss utgiftene til dei resterande arbeida viser seg å bli høgare enn venta. Ein slik søknad kan sendast før rapporteringsfristen.

Meirverdiavgifta skal trekkjast ut av utrekningsgrunnlaget, sidan fylkeskommunen får kompensert for denne i eiga ordning. Dette må kome tydeleg fram av dokumentasjonen.

Viss midlane ikkje blir brukte, eller ikkje blir brukte til føremålet eller etter dei nemnde kriteria, må fylkeskommunen betale midlane tilbake til departementet.

Med helsing

Grete Lilleschulstad (e.f.)
underdirektør

Lars Tore Rydland
seniorrådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og blir sendt utan signatur

Kopi til:

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane Njøsavegen 2

6863 LEIKANGER

